

Halling- ljom



Lagsblad for Hallinglaget - i Oslo -
- N.R. 1/10

INNHALD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til Årsmøte	side	5
Årsmelding for laget 2009	side	6
Hyttemelding 2009	side	10
Vinterbilder frå Hallingbu	side	12
Program for hausten	side	13
Hallinglagets 110 årsfest	side	14
Masterkonserten til Ingunn	side	16
Kjende spelemenn		
- Jørgen Husemoen	side	17
Artikkel om CD-en til Hilde	side	18
Ny folkemusikkorganisasjon	side	19
Infoside om laget	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Godt nytt år til alle i Hallinglaget. Her kjem eit nytt nummer av Hallingljom som mellom anna informerer litt om kva som har skjedd og ikkje minst kva som skjer neste halvår. Siste året var eit gildt år med særskilt god aktivitet. Takka vere at folk møter opp kan laget få til varierte øvingskveldar og festar med tradisjonskultur frå Hallingdal. Styret i Hallinglaget vil rette ein stor takk til alle positive musikarar som stiller opp, til alle dognadsarbeidere og til alle dei som møter opp og heldt dansen i gang i Nordahl Bruns gate 22. Eg trur også at dette året blir bra, laget merker at me er inne i ei positiv bølgje og at mange unge ivrar etter å lære seg og spela.

Positive ting er at vår nye landsdekkjande folkemusikkorganisasjon vil prioritere dansen framover, sjå side 19. Den nye Riksscena vart opna med konsert og dans den 21. januar i år, og her vil det skje mykje bra framover. Det blir konsertar, og somme kveldar med dans, kvar torsdag. Folkedanskveldane har ei imponerande spelliste framover, sjå side 21, så her kan ein danse kvar sundag. Og noko som er sikkert er at hallingspringaren vil gå føre seg minst annan kvar onsdag, til levande springarspel, sjå program side 13. Her er alle velkomne til å delta. Dansar ein ikkje, så er hytta vår Hallingbu i Lillomarka klar for besøk. Bli gjerne med på ein guida tur først for å bli kjend.

Kos dikkon med Hallingljom!

*Terje Grangård,
Leiar*



*Framme frå venstre:
Svein Aasen, Else Mohn,
Bergitte Kjosvatn og
Sigbjørn Galdal.*

*Midtre "rad":
Jon Aarekol, Berit Grøtt
Ellefsen, Elin Berget,
Øyvind Brabant, Ingrid
Eidsmo, Grete Iversen og
Olav Arne Løstegård.*

*Bak frå venstre:
Oddmund Vestenfor og
Terje Grangård*

Mimrebilde frå 2009: Hallinglaget i Oslo under Folkemusikk NM på Geilo.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2010

I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 24. februar kl. 19.00
i
Blåsalen
Nordahl Brunsgt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2009
4. Godkjenning av rekneskapen for 2009
5. Arbeidsplan for år 2010
7. Fastsettjing av prisar og medlempengar
8. Val av nytt styre (4–6 pers.), hytteyre (3), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 10. februar 2010.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2009, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2009

Styret:

Leiar: Terje Grangård
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Kasserar: Elin Berget
Skrivar: Ola R. E. Imset
Styremedlem: Else Mohn
Styremedlem: Renate Nysted Tønnessen

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Bård Kyrkjedelen, Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo og Michel Gascoin.

Bladnemnd: Eilev G. Myhren, Svein Aasen og Terje Grangård.

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Danseleiar: Oddmund Vestenfor

Hallinglaget hadde årsmøte den 18. februar i 2009. Dette året hadde Hallinglaget 34 fullt betalande medlemer og 19 bimedlemer. Av medlemene var det 2 studentar og det var to personar under 26 år. Laget håper på endå fleire unge til neste år.

Dette jubileumsåret, der laget var heile 110 år, var eit jubelår frå start til slutt. Året starta med ein Hallingkveld alt 7. januar, der både Ingunn Stræte Lie, Ulf-Arne Johannessen og Olav Luksengård Mjelva spelte skjorta av oss. Det var omlag 35 personar til stades, og me som var der fekk ein smakebit av dansen til Ingunn og Ulf-Arne som gav Kongepokal nokre månader seinare. Sist ut var juleavsluttinga den 9. desember der Lisbeth Haraldsen og Ola R. E. Imset spelte og me åt tre heimebaka kaker så alle var nøgd. Mellom desse kveldane var det mange særsvellykkja dansekveldar, samt CD-fest for Hilde Kirkebøen og stor Jubileumsfest i november som samla 70 personar totalt.

Våren 2009 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22, samt to ekstraøvingar for dei som dansa lagdans under NM i Folkemusikk på Geilo. Dei som spelte for laget denne våren var Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Eilev G. Myhren, Ingunn Stræte Lie, Ulf-Arne Johannessen, Olav Luksengård Mjelva, Ingebjørg Sørboen, Lisbeth Haraldsen og Huldraleiken Hardingfelelag, spelgruppa til Bernt Balchen, men som leiaast av Ola R. E. Imset når dei spelar for Hallinglaget. Alle desse spelte på hardingfele unna Ingunn, Ulf-Arne og Lisbeth som spelte veldig bra på torader.

Hausten 2009 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Lisbeth Haraldsen, Eilev G. Myhren, Magnhild Storøygard (tidlegare Aaker Gundersen) og Huldraleiken Hardingfelelag spelte. På mest alle øvingane dette året er det servert heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane i hallingspringar har hatt eit oppmøte på 15 - 35 personar. Styret synes at dansekveldane har tatt seg opp og det er bra, for det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden.

Dette året er det halde fire styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift, to møte på våren og to på hausten. Desse møta har me hatt i lagsrommet vårt innafor kjøkenet i Nordahl Bruns gate før springarøvingane startar. Til mat er pizza servert. Som tidlegare år er stemninga på styremøta svært god, så alle gjer sitt beste for å møte opp. Elles er både E-postmeldingar og telefon nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar (15. februar og 27. september). Kursa desse sundagane er på ein og ein halv time før Folkedanskvelden startar. Fyrste kurset samla vel 20 deltagarar og det på hausten, der PR-arbeidet lukkast, samla heile 35 personar! Med folk i alle aldrar, frå 10 til 75 år! Desse kursa gjer god blest for dansen vår. Laget rettar ein stor takk til Oddmund Vestenfor, Gunvor Elise Hulebak og Berit Grøtt Ellefsen som stilte opp som instruktørar og Ola R. E. Imset som spelte hardingfele på kursa i år. Alle kostnadene ved desse kursa dekkjast av Hallinglaget så me er stolte av at dei har gått med eit lite overskot. Ja, minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er populære, for her kan ein prøve ulike dansar, alt frå Jølstraspringar til Finnskogspols. Spesielt polskursa er populære, dei har jamt over førti deltagarar – men hallingspringarkursa tek innpå!

Som tidlegare år deltok mange medlemer frå Hallinglaget på Den norske folkemusikkveka på Ål siste helga i mai (17. - 24. mai), men i år fekk me ikkje te lagdans på Bygdamönstringa. Me vart for få til lagdansen, så i år fekk eg sett førestillinga skikkeleg frå salen. Mellom anna gjekk Jens A. Myros pris gjekk i år til Ingebjør Sørbøen. Det vanlege høgdepunktet til slutt stod Nysetlifolket for, veldig moro. Fredag og laurdag kl. 10.00 er det frukostspringar i Kulturhuset. Dette er ei viktig formidling av dansen til alle dei som kjem til Ål. Elles var både konsertar og dansen bra i år òg, dei har funne ei bra form på desse dagane – så både dei som dansar og dei som liker konsertar trivst bra. Året vinnar av Fanitull- tevlinga var Daniel Sandèn Varg, ein spelemann utanom det vanlege, han har vore med på utallige CD-utgjevingar siste året og er ein fantastisk spelemann.

Bygdelagsstemnet på Bygdøy 7. juni var eit 60-års jubileum og samla bra med folk, også frå Hallinglaget. Det var perfekt sommarvêr i år, så alle som var der kosa seg på Folkemuseet. Det er triveleg å rusle rundt på museet i finstasen, og me som var der dansa både på plattingen og på den nye utescena som er laga der. Ein stor takk til Eilev G. Myhren som spelte for oss. Til dansen på kvelden spelte Østerdølenes Spelemannslag. Ein stor takk til nemnda som fekk til ei fin tilskiping i år, og det at mange kom gjorde at det vart moro. Så hugs å møte opp neste år og skap blest om laget vårt. Hugs at Hallinglaget skaffar fribillettar til dei som vil danse eller er medlemer i laget.

Den årlege Spikjikjøtturen til Hallingbu var onsdag 17. juni. Dei ni som var med fekk benka seg rundt langbordet ute. I år var det kjempefint vær og alle som var med var nøgde, og som vanleg var det mat nok! Og det var wienerbrød i massevis til kaffien. Det var utruleg kor fint ein kan ha det slik ein lys sommardag i skogen.

For tredje år på rad stilte Hallinglaget på lagdans under Landskappleiken, som dette året var NM i Folkemusikk på Geilo, dvs. heimebane. Men det er veldig bra å kunne stille med seks par alt på onsdagen øvst i Hallingdal. Så takk til alle dei som tok seg fri og deltok! Me dansa midt på dagen så mange klarte å rekke dansen med avreise Oslo tidleg på morgonen. Igjen var det Øyvind Brabant som kunne spele for oss så tidleg i veka, og for ein spelemann. Eg får frysningars når eg tenker på korleis Øyvind spelte opp i øvingsrommet, og fanga oss inn i dansen. Berre fem minutt hadde me til førebuing før me måtte på scena. Då er det ikkje så

verst å slå 6 lag, slik at me vart nummer 25 av 31 lag. Ein stor takk til Ål Spel- og Danselag som me får stille under, for me er organisert under Noregs Ungdomslag og her er det Landslaget for Spelemenn (LfS) som gjeld. Alle som dansar på Landskappleiken må vere medlem i LfS. Geilo og Ål må få skryt for ein særslig vellykka kappleik, der også været klaffa! Det var heilt utruleg bra vær og det myldra med glade folk over alt. Her kunne ein danse hallingspringar fleire timer kvar dag, samt gammaldans og anna dans. Samt høyre på dei beste spelemennene og kvinnene i landet. Hallingane gjorde det også veldig bra, dei var på topp i fleire klasser, så folkemusikken og dansen lever der. Til døme vant Ulf-Arne Johannessen og Ingunn Stræte Lie Dans Hardingfele kl. A og kongepokal. Ulf-Arne vant også Laus kl. A. Takk til alle dei som bidrog her.

CD-sleppet til Hilde Kirkebøen på Geilo var også ei kjempefin oppleveling som mange fekk med seg. Men for alle som ikkje kunne vere med der skipa me til ei utvida øving/CD-fest den 2. september i Halli i Nordahl Bruns gate, og folk kom. Over 30 personar fekk med seg konserten og spelet til Hilde. Også Ola R. E. Imset spelte denne kvelden slik at Hilde kunne få tid til å selje CD-plater. Hallinglaget sel elles denne fine CD-plata til interesserte.

På Oslokappleiken 31. oktober stilte Hallinglaget i lagdans. Det var vanskeleg å finne spelemann denne helga, men så fekk me tak i ei ung jente til å spele for oss, eit stort talent på 16 år som heiter Guro Kvifte Nesheim. Ho spelte bra og me som dansa fekk vist fram dansen vår. Me fekk ein fjerde plass, vart slått av Numedalslaget, Valdreslaget og Tingelstadringen, men me klarte å slå Telelaget. Oslokappleiken i år vart skipa til med både tevlingar og fest i Nordahl Bruns gate. Alt fungerte veldig bra, så takk til Laget for Folkemusikk her i Oslo som no er leia av Anders Buen.

Jubileumsfesten vart halde laurdag 14. november og vart vellykka etter ein imponerande dagnadsinnsats, der heile styret og andre deltok. Til slutt kom det brukbart med folk (eg synes folk kunne vore raskare til å melde seg på – men kanskje var dei redd svineinfluensen?). På grunn av kollisjon med ein stor fest i Hardinglaget, laga kvinnene i laget til småmaten på fredagen! Dei fyrst starta opp i sjutida om morgonen og då eg kom ned der i elvetida var det meste klart, sjølv om det krafta måtte koke enno nokre timer. Heilt utruleg altså, mest heile Styret tok seg/hadde fri denne fredagen. Ikkje rart at folk i BLS-miljøet misunner Hallinglaget som har slike dyktige kvinner som får til kva det skal vere. Styret fungerer veldig bra og kan få til kva som helst. Det er ikkje verst å lage småmat til 80 personar frå grunnen av. Ein stor takk til alle kvinnene som bakte kaker òg, minst fem, den største gleda for dei var vel å sjå at kakene vart rive bort, ingenting var att! Økonomisk så gjekk festen i balanse og det var nesten betre enn me trudde på førehand, så takk til alle som kom. Sjå elles referat om denne festen her i bladet, denne artikkelen stod også i Hallingdølen eit par veker etter festen.

Hallinglaget arrangerte Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 3. mai og 29. november dette året. Best før ... med Ola R. E. Imset spelte begge desse kveldane. I fyrste del av pauza spelar Ola 3-4 hallingspringarar som får om omlag 10 par på golvet. Dette er god PR for dansen vår og setter farge på desse sundagskveldane. Merk dykk at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Hugs at det er særslig gode gammaldansgrupper som spelar der. Om me ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må kvar og ein av oss ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person slik at me blir fleire. Dette gjeld også dansefestane som Rundsnuen skipar til to til tre gonger i året. Det er viktig at dette dansemiljøet består.

På siste springarøvinga før jul, 9. desember, hadde me ei fin juleavslutning. I år vart det ikkje småmat for det hadde me på Jubileumsfesten. Det vart ein fin kakefest og ei tre kakene som var bakt vart ete opp. Dei omlag 25 deltakarane koste seg og alle fekk dansa seg varme av spelet til Lisbeth Haraldsen på torader og Ola R. E. Imset på hardingfele.

Hardingfela til Hallinglaget har dei siste åra vore leigd ut til Idun Bugge Mariussen, men ho har no fått seg eigen fele. Så difor er hardingfela vår klar til å bli leigd ut til ein ny utøvar dette året. Det vil bli sendt ut informasjon om dette, men si frå om du er interessert eller om du veit om nokon som har lyst til å prøve seg på hardingfele. Hardingfela til Hallinglaget er ei Einar Løndal fele frå 1983 som leigast ut til ein relativt låg pris.

Julekonserten på Musikkhøgskola 28. november samla også i år mange frå Hallinglaget. Me som var til stades fekk oppleve ein sær fin konsert og ein variert dansekveld til midnatt. Men høgdepunktet på Musikkhøgskola i år var likevel masterkonserten til Ingunn Stræte Lie den 4. desember. Konserten hadde tema om springarspel på trekkspelet og ho fekk beste karakter. Hallinglaget var med og dansa til ein av dei flotte springarane hennes, og me fekk stabla heile sju par på beina. Me vart alle feid rundt av det friske springarspelet. Ei oppleveling!

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Avisa blir no trykt i farger av vår gode fe som hjelper oss med det. Arbeidet med lagsbladet er veldig viktig både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er også ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på www.hallinglaget.net.

Ein stor takk til alle som har tatt i eit tak for laget. Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Dette året har vore eit sær aktivt år for Hallinglaget, og no er me klare for enno eit år. Leve Hallinglaget.

Terje Grangård

Årsmelding for Hallingbu 2009

Me har også i år hatt mange fine turar opp til Hallingbu, mest dagsbesøk, men også nokre overnattingar. Noko dugnadsarbeid har det vori, mest med veden for den har me så mykje av.

Hytta vart vitja med eit par små skiturar etter nyttår, men som Terje seier, så er dette meir ei summarhytte i forhold til varme og oppfyring. Men om er det mykje snø er det viktig å måke taket for elles kan den høge pipa på Hallingbu brytast ned. Det var svært mykje snø dette året så Svein og Terje måka taket i mars. Theresa Fett var med og kokte mat på midtrommet, så me hadde ei fin kvil etter den harde snømåkinga.

Det er fint skiterreng i Lillomarka og godt å ha ein plass å koma til. Her kan ein nyte niste, koke seg en kopp med noko godt, og få varma seg på peisvarme før ein hiv seg på skia igjen.

Dugnadstur med overnatting hadde me 5.-6. juni. Til saman var me 9 personar som åt godt ute i finveret, bada og seinere hygga oss inne i varm hytte. Me fekk hogd opp godt med ved som låg nede ved stigen, og jammen rydda opp skikkeleg inne i skjulet.

Den årlege spikjikjøt- turen gjekk den 17. juni. Me var 9 personar med som hadde eit "herremåltid" ute på vollen med den beste spikjimat og til og med bakels til kaffen.

Bærsesongen vart starta av Else og hennes tyske venninne Gerda som tok turen 28. august. Været var kanskje ikkje heilt på topp, litt duskregn, men da luktar det så godt i skogen. Me fant mengder med blåbær, nokon så store at Gerda knapt kunne tru det var sant. Oppe på hytta fekk me turka oss litt, eti og fekk att varmen. Og så bar det nedatt og heim til blåbærpai!

5. september drog Svein og Terje til skogs og sanka bær. Då var tyttebæra mogne og dei fekk fin-fin fangst. Dei var innom Hallingbu og gjekk så vidare over til Buvollen der Valdrissen hadde eit lite samkome, og vart traktert med kaker.

Terje var og oppe ein liten tur 29. september for å sjå om alt stod bra til der oppe på haugen.

Etter avtale i seine nattetimar på Folkelarm, drog Michel og Terje opp til hytta 24.-25. september. Ein del av avtala var å syne hytta og vegen dit opp til Simon som ikkje har vori i laget så lenge. Han måtte melde avbod, medan dei andre to drog. Terje har fortalt at Michel Gascoin synter seg som ein utmerka kokk, tydeleg franskinspirert. Det vart marinert indrefilet med kålrotstappe, gyllensteikte grøne bønner og steikt sopp. Da ALL maten var fortært, var det nesten mørkt og Terje måtte springe ned att til Snippen, mens Michel overnatta. Ein veldig triveleg hyttetur slik midt i veka, seinhaustes.

I oktober, 17.-19. vart det nok ein overnattingstur med Hans og sine venner. Dei er ein sprek "villmarksgjeng" som gjerne vitjar Hallingbu.

Siste turen hadde Terje 24. oktober. Dette år som i fjor (og kanskje og året før og året før..) vart målinga bori ned att (5-7 liter) så ho ikkje skulle frose. Det vart ikkje måla noko i år, målinga vart berre bori opp og ned av Terje - det er leiaren sin det!!

Og slik vart det einaste som ble gjort reint dugnadsmessig i 2009, den skikkelege ved-dugnaden tidleg på sumaren, men så vart den og gjort til gangs.

For å sjå litt framover har me fore å måle i 2010. Måle meir i inste rommet og i midtrommet. Måle glas og karmar og kanskje viktigast; få kitta og måla det store glaset i stova.

Eg tykkjer me er gode, men kanskje viktigast av alt, me er gode til ikkje berre å arbeide på Hallingbu. Her er også så mykje anna å gjera; slappe av og kjenne skogens ro, plukke blomster og plukke bær, nyte god mat og drikke, være med venner eller være aleine og kjenne kor godt hyttelivet gjer.

Underteikna slår sjølvsagt eit slag for badinga i Ormtjern. Hurra! Og ynskjer at mange, kjende og ukjende vil bruke og oppleve Hallingbu i 2010, alle på sin eigen måte.

Else Mohn



Middag på dugnadsturen våren 2009. Her reiste somme ned att på kvelden etter at maten var fortært!

Me som overnatta hadde stor dugnad med veden dagen etter.

*Dei som sit rundt bordet er fra venstre:
Ingrid Eidsmo (med raud jakke),
Elin Berget,
Terje Grangård,
Hans Kilen,
Bente Karlsen (delvis skjult), Trond Roset og
Else Mohn med ryggen til.*

Fotograf er Svein Aasen.



Svein Aasen på høgde med pipa, her rundt pipa var det i alle fall 1,5 meter med snø!



Her er Terje Grangård i aksjon med spaden på taket. Mykje av snøen er fjerna og presset på pipa begynne å bli mindre.

Hugs at det er særsviktig å måke taket i snøvintre, elles vil ein kunne få store skader på hytta, til døme at pipa blir skyvd ned!

Legg merke til stålstengene som er sett opp!

Dei er montert etter at me oppdaga at pipe var "knekkt" ein gong på 90-talet! Då mura me sprekken att oppe på hemsen, pressa pipa på plass og festa stengene opp på mønet. Dette har halde til no og er eigen patent!

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 13. jan.** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar
- 27. jan.** Springarøving kl. 19.00.
- 10. feb.** Springarøving kl. 19.00.
- 10. mar.** Springarøving kl. 19.00.
- 24. mar.** Springarøving kl. 19.00.
- 14. apr.** Springarøving kl. 19.00.
- 28. apr.** Springarøving kl. 19.00.
- 12. mai** Springarøving kl. 19.00.
- 26. mai** Springarøving kl. 19.00.

Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 24. januar: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola R. E. Imset spelar!

Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det springardans ein ekstra time etter kurset. Møt opp!

Onsdag 24. Februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!
Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemer er velkomne.

Helga 6. - 7. mars: Vintertur til Hallingbu.
Interesserte må melde seg på til laget slik at turen kan samordnast.

Sundag 18. april: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden
frå kl. 19.30. **Best før ...** med Ola R. E. Imset spelar, så det blir springardans òg!

23. mai - 30. mai: Folkemusikkveka på Ål!
Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta fri nokre dagar i mai!

Sundag 6. juni: Bvgdelagsstemnet på Bygdøy!
Hallinglaget har ansvar for eit program på 20 minutt omlag klukka tre.
Dei som dansar (samt alle medlemer) kjem inn gratis!

Onsdag 16. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!

22.juni - 27. juni: Landskappleik på Voss!
Landskappleiken vil samle mykje folk og Hallinglaget satsar på lagdans onsdag 23. juni!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

Hallinglaget i Oslo 110 år.



Styret i Hallinglaget i jubileumsåret, fra venstre: Renate Nysted Tønnesen,
Berit Grøtt Ellefsen, Terje Grangård, Else Mohn, Elin Berget og Ola R. E. Imset.
Fotograf: Tone Eid.

Hallinglaget kunne feire dette jubileet med ein gild fest 14. november, i trygg forvissing om at det framleis er ein aktiv institusjon som bygdelag i Oslo. Leiar Terje Grangård helsa velkommen til ein jubileumsfest som vart halde i god gammal tradisjon, alt frå bordsete med småmat og lefsekling til folkemusikk og dans med hallingspringaren i sentrum. Som leiar uttrykte han glede over å sjå så mange utflytte og tilreisande hallingar samla til fest, og takka eit entusiastisk styre og ein aktiv medlemsflokk for innsatsen for laget.

Magne Myhren, opphavleg frå Skurdalen, held festtalen der han fortalte frå slåttemiljøet i Hallingdal, humoristisk og krydra med anekdotar frå eit miljø han kjenner godt og har stor historisk kunnskap om. Kunstnarlege innslag med kjente namn som Ingebjør Sørbøen og Hilde Kirkebøen på hardingfele og Ulf Arne Johannesen på torader, gav festlyden fine opplevelingar med musikken sin. Med så unge og dyktige utøvarar lever folkemusikk-tradisjonen trygt vidare. Det er også på dette grunnlaget Hallinglaget byggjer det meste av sin aktivitet, og gjer ein stor innsats for å halde oppe eit aktivt folkemusikkmiljø i hovudstaden. Her møtes deltakarar frå fleire bygdelag, og andre interesserte frå bygd og by, til kurs og faste øvingar, og laget har ry på seg for å skape ei god og inkluderande atmosfære for utøvarar i spel og dans. Jubileumsfesten var ein fin presentasjon for denne innsatsen til laget, der dansen gikk lett over tilje til musikk av gammaldansgruppa *Best før...* med Ola R. E. Imset, styremedlem og fast spelmann for laget, som leiar. I tillegg var dei nemnde folkemusikk-utøvarane frå dalen med på å skape den rette stemninga på dansen utover kvelden og natta. Også ei spelgruppe leia av Edvin Øen spelte ein bokl med variert dansemusikk.

Med sine 110 år er Hallinglaget eit av dei eldste bygdelaga i Oslo. Det har skapt historie for ei viktig side ved kulturlivet i Oslo som er knytt til innflyttarmiljøet. Frå å vere ein trygg og naudsynt møtestad i mange tiår, der bylivet var vanskeleg for dei fleste som valde å bu i hovudstaden, har laget også teke vare på den heimlege kulturarven og spreier han i dag til nye grupper. I tillegg innbyr laget til aktivt friluftsliv ved bruk av lagets eiga hytte Hallingbu i Nordmarka. Det er all grunn til å gratulere laget og ynskje lukke til med det vidare arbeidet.

*Sigmund Sveinhaug
(Leiar i Hallinglaget frå 1956-1958 og 1961-1962)*

Denne artikkelen stod i Hallingdølen eit par veker etter Jubileumsfesten vår.



Best Før ... i 2009, frå venstre:

*Oddvar Frydenlund, Torleif Lund, Roger Kristiansen og Ola R. E. Imset.
Fotograf: Tone Eid.*

Masterkonserten til Ingunn!

Som dei fleste veit har Ingunn gått på mastergradstudium med fordjupning på Norges musikkhøgskole, der ho har studert ”springarspel på trekkspel”. Den 4. desember 2009 kl. 20.00 var det klart for eksamenskonsert! Ho leverte ein konsert av dei skjeldne. Konserten opna med eit lydklipp med bestefar til Ingunn – Olav Straete – for det var han som inspirerte henne til å byrja å spela trekkspel. Anders Nibstad har også betydd mykje for Ingunn. Ho hadde teki med seg 3 av informantane sine: Birger Liahagen, Olav Skredderberget og Sverre Isungset og saman med 3 trekkspelarar til, blant anna mannen Jo Asgeir samt komp framførte dei ”Hallingmarsjen” av Andreas Nibstad. For ein variasjon i spelet og springarspel av ypparste merke på trekkspel. Ingunn spelte både på einrader, det gamle spelet til Andres Nibstad, trekkspelet til bestefaren som ho hadde fått til konfirmasjonen og sitt eige femraders knappespel. Det var også masse bra dansing på konserten, Ingunn og Knut Skrindo dansa ein fin hallingspringar etter spelet til Arne Anderdal, før Ingunn spelte den same låtten på trekkspel. Einaste toraderlåtten var lausen Røyskatten der lausdanserane Vetle Springgard og Eirik Fuglesteg Luksengard dansa til, med kraft og willskap! Overraskinga var stor da den unge songaren Sigurd Tunestveit (også frå Ål), som song på fleire melodiar, tralla ein reinlender medan Ingunn spela springar frå Hemsedal. Då Ingunn spelte hallingspringaren Tuvalåtten på trekkspelet sitt dansa Hallinglaget til. Laget klarte å stable sju par på beina som fekk synt fram god dansegled over å danse til den fine springaren.

Olav Andreas og Gjermund sjarmerte alle med å sitja fint på fyrste rad gjennom heile konserten. Etter konserten gjekk dei fram til mor si med kvar si rose for klem og kos. Då vart dei fleste rørt. I etterkant veit me at ho fekk beste karakter – A - for sin eksamen! GRATULERER!

Svein Aasen



Ingunn Straete Lie spelte veldig bra og variert på Masterkonserten sin.

Så no er tradisjonsspelet på trekkspelet i Hallingdal redda for ein ny generasjon.

Hurra for Ingunn!
- som var leiar i Hallinglaget frå 2002 - 2004, enda så ung ho var!

Jørgen Husemoen, spelemann frå Nes.

Jørgen Husemoen vart fødd den 29. september 1905. Foreldra var småkårsfolk, far hans heitte Tosstein Husemoen og mor hans Margit Stertebakken. Jørgen kom til på Stertebakken. Tosstein er skiven som «tjenestegut og jernbanearbeidar» i kyrkjeboka, og han gifte seg med Margit 14. juni same året. Dette tyder at både ekteskapet og Jørgen ikkje var planlagt (far hans Tosstein, Jørgen, står skiven som forlovar for sonen).

Jørgen Husemoen gjekk for presten i 1921. Vurderinga av han er berre «nogenlunde». Men han utmerkte seg snart som spelemann. Han lærte mange slåttar etter Tor Grimsgard og Knut Toen, og til seg mykje av det tilfanget som var i Nes på den tid. Han var og i lag med Engebret og Knut Ødegård frå Flå. Spelestilen hans var typisk for hallingspelet i tida, med mykje prilling og kjappe ristetak.

Sjølv om Jørgen var ein dugande spelemann, var han ikkje stort ute på kappleikar og stemne. Han var etterhalden, og lika seg best heime. Med åra vart han reint folkesky. Til dagleg var han i arbeid ved jernbanen, som far hans før han. I 1950-åra sytte Buskerud fylkesarkiv for å gjera ein rad med opptak av han, og noko seinare spela han og inn for NRK. Desse opptaka syner kva for kvalitetar han hadde som spelemann. Det vart og skrive ned slåttar etter han, både av Eivind Groven og Sven Nyhus. Desse numra er å finne i Hardingfeleverket. Han var mellom anna kjelda til springarane Perigarden og Godversdagen, og Spretten, ein laus. Godversdagen hadde han etter Tor Grimsgard, og forma hans er mindre enn den som seinare har vore i bruk.



Jørgen Husemoen.

Jørgen Husemoen var ikkje lett å rikke. Utpå 1960-talet vart han beden inn til Oslo saman med Kristian Øvrevollseie, mellom anna for å vitja Eivind Groven på Ekeberg. Det er fortald at ingen av dei dukka opp til avtalt tid, og mor mi laut reise ned på Bondeheimen for å sjå etter dei. Ho fann to eldre, storvaksne karar som ikkje våga seg utor døra. Dei vart sitjande på Bondeheimen til toget gjekk, og slik vart det med den Osloturen.

Jørgen Husemoen gjorde opptak ei siste vende i 1976, ikkje lenge før han døydde. Det var Odd Bakkerud som fekk dette til, men opptaka fortel at Jørgen ikkje heldt så godt om bogen som før. Han døydde ikkje lenge etterpå i same året.

I år heidrar me minnet hans med ei dokumentasjonsplate, der ein finn opptak som vart spela inn medan han var på høgda som spelemann.

Eilev Groven Myhren

Hilde Kirkebøen – på ei nådeseng av understrenger

Ein liten mannsalder sidan var ein medarbeidar i Aftenposten innom på ein springarfest på Ål. Han skreiv i avisat at dette måtte var ein utdøyande kultur, for alle spelemennene på scenen var ”i pensjonsalderen og oppover.” Det er rett at det ei tid såg stygt ut for den lokale rekrutteringa til den kunstarten som heiter slåttespel på hardingfele. Men så, på kort tid, sto det fram ei heil rekke talent som har teke over tradisjonen og fører den evige stafettpinnen vidare.

Hilde Kirkebøen var den fyrste i denne nye generasjonen. Som elev av Jens A. Myro var ho i dei beste hender. No har ho gjeve ut ei flott CD-plate med både kjende og mindre nytta danseslåttar. For dette er dansespel med stor D! Men så har ho òg trening: Det er ikkje mange som i praksis har fått spela så mykje til dans som Hilde. Heilt sidan 1994 har ho vore fast spelemann i Hallinglaget i Oslo, og dei mange dansegladde elskar henne.

Plata inneheld 17 slåttar, og dei er såpass lange og drivande at det går an å få til ein heil dans til kvar og ein av dei. Dei store slåttane er med, som Tjednbal'n, Asle-Knut, Sumbreien, Skinntrøya... Men her er òg av ”dei gløymde,” som Klunkelåtten og Bulkaguten (i tradisjon etter Ola Dekko, Sevat Sataøen og dermed Magne Myhren). Ein springar som Skutlen (i lina etter Olav Sataslåtten og Egil Syversbråten) er meisterleg utført, klokkeklart, likrande, prillande, og med eit sugande drag som lyftar dansarane.

Sett frå lydaren si side er spelet variert, vårt og energisk, ikkje utan temperament, kanskje litt ”hoggande” i enkelte overgangar, men heile tida i perfekt rytme. Og sett frå dansaren: Du blir sterkt på golvet; du veit ikkje sikkert kvar i musikken kreftene kjem frå. Det er gjerne frå femte eller sjette springaren det verkeleg blir moro. Det er med Hilde som det var med han Jens: Du får framdrift, tyngde, lyft og baksuv samstundes.

På det smakfulle omslaget uttalar Hilde sin filosofi om hopehavet mellom spelemann og dansar: ”Det er det levande samspelet mellom spel og dans og mellom over/understrengar som inspirerer meg mest: Det å sjå mange forskjellige dansarar og danseuttrykk på ein gong, samtidig som felemusikken er i samspel med det som skjer på golvet. Når det også er samklang i sjølve fela, kjennest det som å flyte på ei nådeseng av understrengar. Når det ikkje stemmer, kjennest det heilt motsett. Hardingfela kan vera reine energikjelda og andre gonger eit stort slit.”

Me ynskjer den sympatiske debutanten til lykke med plata. Me vonar at dei to energikjeldene – Hilde og hardingfela hennar – får eit særdeles langt liv.

Hilde Kirkebøen
Tjednbalen
Etnisk Musikklubb, EM 41

Hallgrim Berg

PS: Veldig bra artikkel av Hallgrim som stod i Hallingdølen etter CD-utgjevinga til Hilde.
Denne CD-en er å få kjøpt av Hilde eller av Hallinglaget for den runde sum på kr. 150,-

Ny folkemusikkorganisasjon i Norge.

Så har det skjedd: Landslaget for Spelemenn (LfS) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD) er historie. Desse to største folkemusikkorganisasjonane i Noreg vart slått saman på årsmøtehelga 21. – 22. november i fjor.

Namnet på den nye organisasjonen er "***Folkemusikk- og Folkedansorganisasjonen i Noreg***". Kanskje eit fyribels namn? For namnet er langt og lite fengjande, men ein vil vel venne seg til det og det blir kanskje ein høvande forkorting etter kvart? Eit enklare namn hadde kanskje vore Landslaget for folkemusikk og folkedans? Om folk flest vil merke mykje til denne samanslåinga veit eg ikkje. For meg sjølv håper eg at eg får det same tilbodet før, utan ei stor auke i medlemsprisen. Og at dei vil fortsetja å skipa til dei tre store årlege arrangementa: Landskappleiken, Landsfestivalen i Gammaldans og Folkelarm. Samt at Spelemannsbladet fortset minst like godt som før.

Leiaren i den nye organisasjonen er Maria Høgetveit Berg frå Ål. Ho kjenner me som ei dugande kvinne med stor erfaring frå diverse verv. Nestleiarar er Nils Øyvind Bergset og Åshild Vetrhus. Styremedlemer er Solbjørg Tveiten, Sigurd Johan Heide, Aslak O. Brimi og Tor Stallvik. Varafolk er Torunn Raftesvold Rue, Marte Frihetsli og Dag Hovda Sture. Dette er dyktige folk frå heile landet og til dels unge folk, som eg synes lover godt for framtida, for det er elles mykje forgubbing i ungdomslag og organisasjonar i Noreg. Fleire av medlemene har også bakgrunn i folkedansen, noko eg synes er bra, og det seies at ein no skal satse meir på dansen framover.

Dei ni personane som er tilsette i Folkemusikk- og Folkedansorganisasjonen i Noreg (FolkOrg) er: Magnar Sundt, Lene Furuli, Jorun Hagen, Frode Rolandsgard, Elisabeth Vatn, Silje Førland Erdal, Eivind Kaasin, Knus Aastad Bråten og Asgaut H. Bakken. Hallinglaget ynskjer dette store lokomotivet i norsk folkemusikk og dans lykke til i åra framover. Nok om dette.

Så litt om oss, dvs. Hallinglaget:

Som vel alle våre lesarar veit er Hallinglaget organisert under Bygdelagsamskipnaden (BLS), som igjen er eit fylkeslag i Noregs Ungdomslag (NU). Dette har me vore i fleire tiår og det har vore det mest praktiske ved at me då kan leige salane i Nordahl Bruns gate rimeleg og at me har vore ein del av dette miljøet i Oslo. Det er viktig at styret i BLS klarer å halde oppe eit visst tilbod til laga i form av god drift av huset og at alt fungerer som det skal der. I periodar slit bygdelaga med at ikkje alt fungerer slik som me ynskjer. Overføringa til NU er også betydeleg, vel to hundre kroner for kvart medlem. Prisauka for inneverande år utgjer over to tusen kroner for Hallinglaget, som har sendt eit brev med ei bekymringsmelding til NU i januar dette året.

Terje

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2010

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal helst snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet, for elles blir det unødig bruk av tid og krefter i laget for å finne ut kven som har betalt!

Hallinglaget sin konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste). Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til. Vanlegvis er kurshelga om hausten.
-

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag den 24. januar i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Knut Skrindo som får hjelp av jentene i laget.
Dansespel ved spelemannen Ola R. E. Imset.

Frå kl. 20.00: Hallingspringar ein ekstra time.

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 100 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden.
Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate!

Ta med danseskoe og kom og dans! Alle er velkomne.

Folkedanskveldar våren 2010

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	<i>Storsalen kl. 19.30 -22.45</i>	<i>Halli, minikurs 1800-1930</i>	Arrangør lag
10. jan	Husk gammeldansorkester		Numedalslaget i Oslo
17. jan	Sofienberg spellemannslag		Rundsnuen Danselag
24. jan	Bærum spellemannslag	Hallingspringar	Valdreslaget i Oslo
31. jan	Farande Fant	Bingsjöpolkska	Sogn- og Fjordaneringen
07. feb	Østerdølenes spellmannslag	Stildans	Symra
14. feb	Stomperudlaget	Finnskogspols	Hordaringen i Oslo
21. feb	Spelemannslaget De frilynde		??
28. feb	Stensgård & Rusten		Rundsnuen Danselag
07. mar	Fanteladdane	Boda-polska	Hordaringen i Oslo
14. mar	Steinsgårdskroken	Stildans	Symra
21. mar	Tonje & Stein Magne	Magedans	??
11. apr	Østerdølenes spellmannslag		Oslo Songdanslag
18. apr	Best før ...		Hallinglaget i Oslo
25. apr	Bærum spellemannslag	Boda-polska	Sogn- og Fjordaneringen
2. mai	?		Rundsnuen Danselag
9. mai	?	Stildans	Symra
17. mai	... 17. mai dans		Folkedansnemnda
30. mai	?		??
06. juni	Bygdøystemnet 2010		BLS

Inngang folkedanskveld:

Medlemmer kr 80,- / ikke-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs:

Medlemmer og ikke-medlemmer kr. 100,- *(inkluderer påfølgjande folkedanskveld)*

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bl.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2009–2010

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: grangard@c2i.net
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no
Kasserar:	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: elinberg04@hotmail.com
Skrivar:	Ola R. E. Imset Ignaveien 129, 1912 Enebakk	Tlf: 6492 6336 – heime 9013 3907 – mobil E-post: ola@imset.net
Medlemer:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Renate Nysted Tønnessen Vallefaret 16, 0663 Oslo	Tlf: 9955 2650 - mobil, E-post: renatenysted@yahoo.no

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Eilev Groven Myhren Tlf: 9056 3657 – mobil
Bertramjordet 60, 1251 Oslo E-post: eilevgmyhren@yahoo.com
Medlemer: Svein Aasen og Terje Grangård.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Eilev G. Myhren eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Strømsveien 25, 0658 Oslo
Tlf: 9587 9270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Bård Kyrkjedelen, Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo og Michel Gascoin.

Revisor: Alix Cordray **Tlf.:** 2225 2949

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Hallinglaget på nettet: Nettadressa er:www.hallinglaget.net

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og www.dans.laus.no!

Hallingbu



{(?)}

32%